



Arkiv nr: 335.2

Sak nr 02/2022

Møtedato: 23.02.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen


S737 og S795, Murkelie – Godkjenning av tilleggsjord med utviding og samanslåing

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA PÅ SIDE 3:

I sak 27/21 gjorde fjellstyret vedtak om å tildele stølsjordet S737 til G/Bnr 79/3 tilhørende Knut Arild Thon.

No i ettertid ser Knut Arild Thon at det vil vere rasjonelt å utvide med noko meir tilleggsareal for å kunne få ein god arrondering med dei to stølsjordene S737 og S795. Planen er å dyrke dette opp til eitt samanhengande jorde då dette gjev enklare drift.

Søknaden gjeld følgjande tilleggsjord som er merka med raudt:



G/Bnr 79/3 har følgjande nøkkeltal på gårdsbruket:

Hovedeiendom	Grunneiendommer	Fulldyrket	Overflatedyrket	Innmarksbeite	Skogareal	Annet areal	Ikke klassifisert	Total
3452-79/3/0	3452-79/10/0	0	0	0	160.9	25.5	0	186.3
	⊕ 3452-79/3/0	52.7	0	1.3	108.2	15.3	0	177.5
	⊕ 3452-94/1/781	14.4	12.6	0	0	1	0	28
	3452-94/1/794	6	0	0	0	2.1	0	8.1
	3452-94/1/795	18.7	0	0	1.9	1.1	0	21.7
Sum		91.7	12.6	1.3	271	45	0	421.6

Areal tall i dekar

I tillegg kjem S737 som enno ikkje er registrert på garden som utgjer 22 daa fulldyrka areal. Dei driv aktivt med mjølkekyr, så det er drift på garden.

Det er mest aktuelt å vise dette ut som tilleggsjord etter § 20 i stølsforskrift:

§ 20. Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan. Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om

dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

Deler av arealet skal nydyrkast, og må derfor og behandlast etter nydyrkingsforskriften i kommunen.

Fjellstyret sitt vedtak vil ha eit vilkår om at det må i ettertid godkjennast av kommunen før oppdyrking kan setjast i verk.

Det vil og vere krav om ny oppføring av gjerde, som må godkjennast av Statskog. Det ville vere rasjonelt om Statskog ville gje uttale om dette ved høyring.

Bruksberettiga sine interesser:

Det er vurdert om denne auka av inngjerda areal vil kunne få negative verknader for andre bruksberettiga sine interesser i området. Særskilt med tanke på at den goto som er mellom jorda i dag vil kunne forsvinne. Ang goto vil det når det er same eigar på arealet ikkje vere like viktig med den goto som eksisterer der i dag. Det er areal til å kunne gå rundt på ein god måte, slik at dette burde vere greitt. Dette er imidlertid noko ein avventar eventuelle høyringsuttaler på.

Administrasjonen har vurdert arealet etter naturmangfald lova, med følgjande resultat:

Naturmangfald lova § 8-12

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngeving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka. I forhold til samla belastning vil det vera aktuelt å vurdere om tiltak i aktuelt område vil medføra at vassdraget får ei større samla belastning.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.


Generelt friluftsliv/Skiløype

Som flyfoto syner, er det ei etablert skiløype gjennom det området som no ynskjes inngjerda. Dette er ein del av hovudløypenettet til Vasetløypene, og er ein maskinpreppa løype med breidde på 7 meter.

Det er og viktig å hensynta den allmenne ferdsel i området, dette gjeld og skiløyper. Med det som bakgrunn finn administrasjonen å tilrå at det ikkje vert godkjent tilleggsjord nærare etablert skiløype enn 5 meter frå den etablerte skiløypa. Dette kan administrasjonen stikke ut i terrenget før det eventuelt vert sett opp gjerde.

Administrasjonen har prøvd å få ei klargjering frå kulturminnestyresmaktene samt kommunen ang befaringspår på barmark for å kunne fatte vedtak så snart som muleg. Det er ikkje komme svar ang dette, så dette vert uansett sendt på offentleg ettersyn, så ser ein om det kan fattas vedtak i vinter eller om det må til meir synfaring på barmark neste summer.

Med tilpassing til skiløypa, tilrår administrasjonen å legge følgjande kart ut på offentleg ettersyn med ei positiv innstilling til søknad om tilleggsjord.



Skisse 1

Framlegg til vedtak:

Jfr § 20 i stølsforskriften om tilleggsjord, er fjellstyret positiv til å samanføye stølsjorde S737 og S795 til eit jorde med eit tillegg som framgår av ovenståande kart.

Det er ein føresetnad at andre bruksberettiga sine interesser ikkje vert negativt berørt i vesentleg grad, og at samla stølsjorde vil vere minst 5 meter frå etablert skiløype.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedtak i møte 25.11.2021 (sak 36/21):

Jfr § 20 i stølsforskriften om tilleggsjord, er fjellstyret positiv til å samanføye stølsjorde S737 og S795 til eit jorde med eit tillegg som framgår av ovenståande kart.

Det er ein føresetnad at andre bruksberettiga sine interesser ikkje vert negativt berørt i vesentleg grad, og at samla stølsjorde vil vere minst 5 meter frå etablert skiløype.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Samrøystes vedteke

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA:

Denne saka har vore på offentleg ettersyn i perioden 25.11.2021 – 03.01.2022, og det er komme inn følgjande uttaler:

Vasetløypene SA:

Vasetløypene har hatt dialog med Knut Arild Thon og det vil ikke være noen konflikt mellom hans planer og eksisterende løype. Derfor ingen merknader fra Vasetløypene SA.

Innlandet fylkeskommune:

Det er ikke kjent automatisk freda kulturminner innenfor det omsøkte området. Vi har heller ikke oppdaget spor i bakken som kan være slike kulturminner i laserskanningsdata over det aktuelle området. Sannsynligheten for at det finnes automatisk freda kulturminner innenfor dette området som kan bli berørt av tiltaket vurderer vi som lav. Vi mener derfor at det ikke er behov for å utføre arkeologisk registrering i saken.

Fylkeskommunen må likevel ta forbehold om at det kan finnes automatisk freda kulturminner i området, f.eks. kulturminner under bakken som ikke er synlige. Hvis det i forbindelse med gjennomføringen av tiltaket oppdages automatisk freda kulturminner, inkludert en sikringsone på fem meter, skal arbeidet stanses. Det er viktig at de som utfører arbeidet også blir informert om dette. Melding om funn skal straks sendes Innlandet fylkeskommunes kulturavseksjon, jf. lov om kulturminner § 8, andre ledd.

Vi har ingen samferdselsfaglige merknader.

Vestre Slidre kommune – landbruksavdelinga

Landbruksforvaltninga i kommunen har ingen merknader på søknaden til Knut Arild Thon.

Murkelie: utviding og samanslåing. S795 og 737

Viktig å styrke landbruks grunnlaget på garden som har mjølkeproduksjon som hovednæring.

Statskog SF:

Statskog har ingen merknader til at eksisterende området utvides og overlater til kommunen å behandle saken vedrørende søknad om nydyrkingsområde.

Vedrørende sammenslåingen, så blir det opp til hva kommunen ønsker å gjøre og om hva som er teknisk mulig. Det er klart en fordel at hele området sammenføres til ett festeforhold, men det kan og være greit å beholde 2 forskjellige fnr. og legge nydyrkingsområdet til det arealet som gårdbrukeren har fra før fnr. 795. Siden arealet er så stort, så kan det kanskje være lurt å fortsatt beholde fnr. 737 som eget areal, slik at en har muligheten for å kunne dele opp igjen arealene. Ingen av arealene er i dag tinglyst.

Dersom arealet vises ut og uansett om det utvises til 1,2 eller 3 forskjellige arealer så gir Statskog grunneiers tillatelse til inngjerding av området jf. utvisningsforretningen.


Inngjerdingen kan gjøres med følgende vilkår: Stier og ferdssårer skal ikke stenges. Løypekjøring vinterstid skal ikke hindres, fri passasje må evt. sikres med le. Gjerdet skal vedlikeholdes slik at det ikke kommer til skade for folk og dyr.

Dersom fjellstyret finner å kunne vise ut arealet, skal egen utvisningsforretning skrives for det aktuelle området.

Statskog vil deretter sørge for at parsellen får tildelt eget fnr, fra kommunen. Eventuelle kommunale kostnader/ gebyr (inkl. tinglysing av nytt fnr.) tilfaller Thon som rettighetshaver. I en utvisningsforretning er det også eget punkt om tillatelse til oppsetting av nødvendig gjerde rundt parsellen.

Forslag til liten justering av arealet frå søkjer: Knut Arild Thon

Grunna ynskje om naturleg arrondering av gjerde, vil søkjer – Knut Arild Thon gjerne endre noko på øvre grense slik at det vert naturleg plassering av gjerde:



Skisse 2

Dette er ein såpass marginal endring at den ikkje utløyser ny høring, men kan innpassast i vedtaket.

Oppsummert om høyringsuttaler:

Det er ingen negative merknader til forslaget. Krav om stopp i arbeid og varsle vernestyremaktene ved funn av kulturminner er lovfesta, og dermed uansett ivaretake.

Statskog tek opp spørsmål om dette bør samanføyast, eller ikkje. Det er eit ynske frå søkjer om å samanføye alt dette til eit samanhengande jorde, og det er då naturleg med eit festenummer på dette området. Det skal uansett gjerdast inn som eit samanhengande jorde.

Dermed finn administrasjonen ingen moment som ikkje talar for ei positiv behandling av denne søknaden, og tilrår at den vert godkjent med den marginale endringa om å ha naturleg arrondering av gjerde.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek å vise ut ca. ca 20 daa tilleggsjord til S795. Avgrensing følger skisse1 med endring som framgår i skisse 2 som viser rasjonell inngjerding. Fjellstyret måler opp det utviste arealet, og S737 vert samanføyd og vil inngå i S795. Fjellstyret har ingen merknader til at festaren får gjerde inn omsøkt areal. Det er ein føresetnad at søkjer sjølv får godkjent oppdyrking etter nydyrkingsforskriften hjå kommunen. Vedtaket er gjort med heimel i §20 i stølsforskrift.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å vise ut ca. ca 20 daa tilleggsjord til S795. Avgrensing følger skisse1 med endring som framgår i skisse 2 som viser rasjonell inngjerding. Fjellstyret måler opp det utviste arealet, og S737 vert samanføydd og vil inngå i S795. Fjellstyret har ingen merknader til at festaren får gjerde inn omsøkt areal. Det er ein føresetnad at søker sjølv får godkjent oppdyrking etter nydyrkingsforskriften hjå kommunen. Vedtaket er gjort med heimel i §20 i stølsforskrift.

Samrøystes

Vedtak om utvising av tilleggsareal er enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett over vedtaket jf. reglane i forvaltningsloven. Tilråding om inngjerding er ikkje enkeltvedtak og det er ikkje klagerett over denne del av vedtaket.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.02.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Statskog
Vestre Slidre kommune
Innlandet fylkeskommune
Berørte naboar